

Leiknes barnehage v/ Ove Sæbø
Storneset 1
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2415 - 14/12177

Saksbehandlar:
Astrid Namtvedt Sylta
syas@lindas.kommune.no

Dato:
23.05.2014

Areal i Leiknes barnehage

Viser til epost datert 12.05.2014 der eigar / styrar i Leiknes barnehage tar opp nokre spørsmål i høve til nok uteareal i barnehagen. Spørsmåla vert tekne opp i samband med mogeleg sal av barnehagen.

I merknad til Lov om barnehage står det at veiledande norm for uteareal bør vere seks ganger inneareal. Innearealet for store barn er 4 m² og for små barn 5,3 m².

Barnehagen viser til at dei totalt har eit areal på ca 4200 m² når areal til veg er trekt frå. Noverande barnehage er på 570 m² og det vert antyda at nybygget vil verte på ca 300 m². Barnehagen vil då stå igjen med ca 3330 m² til ute- og leikeareal. Tal plassar i barnehagen er på 152.

Dersom all dei 152 barn er over 3 år vil det kreve eit uteareal på 3648 m². Ei barnegruppe på t.d 72 store barn og 40 småbarn vil krevje eit uteareal på 3000 m². Utvidinga av Leiknes barnehage er enno ikkje påbegynt, og det er umogeleg å vere heilt presis i høve til kva uteareal dei vil trenge.

I eposten frå Leiknes barnehage skriv styrar at dei nyttar leikeareal utanfor barnehagen, to leikeplassar i nærområdet, dei går til sjøen og dei nyttar friluftsområde mot Gladihaug.

Med utgangspunkt i eit uteareal på ca 3300 m² og tal plassar på 152, der barngruppa vil vere aldersblanda, har barnehagen tilstrekkeleg med uteareal. Rådmannen vil minne om at ved ei utviding av Leiknes barnehage, må det verte tekne omsyn til rettleiande arealnorm jfr Lov om barnehage.

Med helsing

Astrid Namtvedt Sylta
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:

Leiknes barnehage v/ Ove Sæbø

Storneset 1

5915

HJELMÅS